REGLEMENT FOR LEIGE AV LOKALE VED BRANDAL GRENDEHUS – Almestadbakken13

1. Leigetakar er ansvarleg for ro og orden i samsvar med politivedtektene for Hareid.

2. Utleigar og leigetakar skal skrive leigeavtale på eige skjema (neste side).

3. Leigetakar skal betale kr 1000 for leige av kvart av festlokala og kr 500 for kjøkken. I tillegg kjem vask på kr 500. Ved leige av begge festlokala vert vask kr 700. Betaling skjer til konto 4093.30.07970 seinast fem - 5 - verkedagar før leigedato.

4. Leigetakar er økonomisk ansvarleg for skader på lokale og utstyr i tidsrommet leigetakar brukar lokala. Leigetakar skal straks melde eventuell skade til utleigar.

5. Ansvarlig leigetakar skal vere minst 25 år og har ansvar for henting og disponering av nøkkel etter avtale med utleigar. Ved tap av utlevert nøkkel er leigetakar økonomisk ansvarleg for eventuell skifting av lås i huset eller delar av dette.

6. All bruk av rusmiddel er forbode med følgjande unntak:

   Ved slutta private selskap(til dømes bryllaup, fødselsdagsselskap) kan det nytast alkohol, funder føresetnad at deltakarane sjølv har med seg drikkevarer. I slike tilfelle er det ikkje tillate å selje alkohol. Private, lag eller organisasjonar som ynskjer å servere eller selje alkohol, må søkje om ambulerande skjenkeløyve. Slik søknad må sendast til Hareid kommune på eige skjema. Skjema får ein hjå Hareid kommune.
   Det er ikkje tillate for personar under 18 år å drikke alkohol på huset.

7. Arrangement skal vere avslutta seinast kl. 02.00. Huset ligg midt i eit bustadstrøk, vis omsyn til naboane og hald vindauga lukka ved speling av musikk. Unngå støy utanfor i samband med røykepausar og avslutning av arrangementet.

8. Overnatting er ikkje tillate.

9. Dersom leigetakar skal bruke grendehuset sitt audiovisuelle utstyr, skal dette avtalast på førehand. Det er eigen rubrikk for dette i leigeavtalen.

10. Utleigar er uten ansvar for eigendelar som leigetakarane misser.

11. Når arrangementet er slutt, må leigetakar passe på at alle vindauge og dører er forsvarleg låst og varmepumpene stilt ned igjen til 16 grader.

12. Røyking er ikkje tillate inne.

13. Leigetakar pliktar å gjere seg kjent med branninstruks, sikre at rømmingsvegane er opne og heile tida vite kor mange som er til stades.

14. Rydding/vasking:
    a. Alle mat/drikkevarer, pynt og søppel skal ryddast og fjernast frå Almestadbakken 13 av leigetakar seinast kl. 14 påfølgjande dag. Golva skal vere feia og klar for vask.
    b. Bord, stolar og anna inventar skal settast tilbake slik det stod då ein kom til lokalet.
    c. Alt som er brukt av servise og kjøkkenutstyr skal vaskast i oppvaskmaskin av leigetakar.
    d. Alt skal settast tilbake på plass. Gjer deg kjend med korleis oppvaskmaskinene fungerer.
    e. Evt. knust servise / skader skal meldast til utleigar skriftlig innan kl. 14 påfølgjande dag.
    f. Dersom punkta over ikkje er utført etter reglementet, må leigetakar betale kr 500 i gebyr.

15. Ved avbestilling seinare enn ei veke før bestilt leige, må leigetakar betale 50% av avtalt leige.

AVTALE FOR LEIGE AV BRANDAL GRENDEHUS, Almestadbakken 13, Brandal.

Denne avtalen gjeld for leige av selskapslokale og kjøkken ved Brandal grendehus, Almestadbakken 13, Brandal.

Leigeperiode:

Frå dato: Klokkslett:

Til dato : Klokkslett:

Leigetakar:

Lag /organisasjon: Namn på ansvarleg:

Fødselsdato:

Fakturaadresse:

Postnummer/stad:

Mobiltelefon: E-postadresse:

Kontonummer for tilbakebetaling av depositum:

Arrangement:

Type arrangement:

Ca tal på deltakarar:

Ynskjer å bruke kjøkkenet:

Ynskjer å bruke projektor:

Ynskjer å bruke lydanlegg:

Leigetakar vil søkje om ambulerande skjenkeløyve:

Avtalt pris, i samsvar med prisliste
JA__ NEI__

Leigepris:_____kr

Merknader

Underteikna leigetakar har lest reglementet for leige av grendehuset nøye, og godkjenner med dette alle punkt i reglementet. NØKKEL ER MOTTEKEN.

Dato: _____

_____ _____

Underskrift utleigar (Brandal grendehus) Underskrift leigetakar